

Fra: Torild Hole (styrar@velledalen-naturbarnehage.no)

Sendt: 15.10.2020 16:06:57

Til: Postmottak Utdannings- og forskningskomiteen

Kopi:

Emne: Konsekvensar av kutt i pensjonstilskot

Vedlegg:

I vår kommune vart tilskottsatsane redusert med 2% for barn under 3 år og 3% for barn over 3år frå 2018 til 2019. Vi har framleis lågare tilskotssatsar i 2020 enn vi hadde i 2018. trass at det i perioden har vore lønnsauke i sektoren på om lag 3%. Størstedelen av kostnadane i barnehagen er lønn. Med lågare driftstilskot seier det seg sjølv at marginane vert låge når ein samstundes kan gjennomføre pedagognorm og bemanningsnorm. For 2021 har også Storebrand som pensjonsleverandør varsla auka kostnader med 1% på gamal pensjonsordning.

Følgjene av dette vert mindre personaltettleik, mindre bruk av vikarar, reduserte investeringar og vedlikehald. Den viktigaste ressursen i barnehagen er personalet. Med mindre personale gjennom heile dagen og mindre bruk av vikarar vert det dårlegare kvalitet i barnehagen.

Vi er ein liten barnehage beliggande i i utkanten av kommuna. Sjølv om vi har eit flott uteområde og bygningar, er det vanskeleg å vekse i storleik. Kommuna har låge barnetal og tradisjonelt vel foreldre barnehagen som ligg nærast bustad eller arbeidsstad.

Med venleg helsing

Torild Hole

Dagleg leiar



Vallavegen 251,

6220 Straumgjerde.

Telefon: 455 17 817 / 478 13 001

styrar@velledalen-naturbarnehage.no

www.velledalen-naturbarnehage.no